Dansekveld og korgafest i Helgheim

15.03.2012

Dansekveldane har vore vellukka (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag vert det ny dansekveld i Helgheim og den tek til klokka 19,30.
Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland strekar under at kvelden er både for gamle og nye danseglade og byr på fri utfoldelse til god musikk utan prestasjonspress
Dette er god trim!

Tidlegare kveldar har vore svært vellukka, den siste med 25 deltakarar.
Dei sløyfar dansen i påska slik at neste dansekveld blir laurdag 21. april

Då vert det stort opplegg med korgafest og god dansemusikk til dansebandet Trinity som er her frå Kvinnherad.

Danseglade kan be med seg vener og kjente. Andre er og velkomne og det er høve til å vera med så langt det er plass.

For påmelding kan det tas kontakt med Berit Harriet Døssland på mobil 913 07384.